

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

PRESSEMEDLING

Oslo, 15. januar 2020

Utflytt døl

Laurdag 1. februar kl 14.00

Teatersalen i Nynorskens hus, Rosenkrantzgate 8, Oslo

Velkomen til kulturarrangementet *Utflytt døl!* Stiftinga G-Kultur vil blant anna markere at det da er nøyaktig 100 år sidan Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta (nedlagt 2013), lansere skriftsamlinga *Unge røyster 2020*, og by på eit spennande program i ord og tonar med sentrale kunst- og kulturaktørar frå Gudbrandsdalen, Lillehammer og Oslo:

Rina Mariann Hansen (kulturbyråd i Oslo), Mette Vårdal (Vågå kommunestyre), Inge Eidsvåg (lektor og forfattar), Jon Faukstad (trekkspel), Per Arne Glorvigen (bandoneon), Rasmus Kjorstad (fele), Kenneth Lien (langeleik/munnharpe), Astrid Brekken (tidlegare NRK), Marit Hosar (fylkesarkivar Innlandet), Markakoret, Rita Mundal og Merete Byrøygard (Lom folkebibliotek), Torgeir Holø (tidlegare formann i Gudbrandsdalslaget), Knut Hovslien (styreleiar Stiftinga G-Kultur). Programleiar er Magnhild Bruheim (forfattar og journalist).

Skriftsamlinga *Unge røyster 2020*

I 2019 inviterte Stiftinga G-Kultur til skrivekonkurransen *Unge røyster* for skribentar og skrivelystne i alderen 16-30 år med tilknytning til Gudbrandsdalen. Desse fem forfattarane blir honorert: Idunn Maria Brosset (Skjåk), Hanna Nordlien Berg (Nord-Fron), Håkon Noren (Lesja), Åshild Slåen (Sel) og Ragnhild Sveen Tande (Vågå).

I tillegg til dei fem er fire etablerte og erfarne skribentar og forfattarar invitert til å skrive kvar sin tekst: Olav Brostrup Müller (kultursjef Lillehammer kommune), Hans Erik Kjosbakken (redaktør Fjuken), Ragnhild Kolden (forfattar Lom/Oslo) og Sigrid Sørungård Botheim (forfattar, seniorrådgjevar i Språkrådet, Lesja/Oslo),

For meir informasjon og fullt program: www.g-kultur.no

Billett 200 kr (inkl. *Unge røyster 2020*). Betaling med kontantar eller vipps. Kaffistova står for sal av mat og drikke i pausen og etter avslutta program (berre kontant betaling).

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no	9719 5148
Kjell Austin, nestleiar/sekretær	kaustin@online.no	4150 9460
Lars Ole Ørjasæter, kasserar	sectormedia@gmail.no	9085 9406

